

# Øy Nytt

Kyrkjeblad for Øygarden




Rong Brass – eit korps  
med ambisjonar.  
Sjå meir siste side.

Foto: ONT

I dette nummeret kan du m.a. lesa:

Bursdagsgåve og basar til glede  
og oppmuntring  
Barne- og ungdomssider  
Informasjon frå kyrkjeverja

Side 5  
Side 6-7  
Side 8



# Kall ×3!

Frå Oskeonsdag 22.februar er vi på nytt i Fastetida i kyrkjeåret. På ein særskilt måte vert vi utfordra personleg til å følgja etter Jesus. For Evangeliet er klårt på at Herren sitt kall til å følgja Han gjeld no, som tidlegare. Og så er det godt å vera i Jesu følgje!

Eg vil difor seja litt om Hans kall.

## Eit kall til å tru

Ingen kan tru av seg sjølv. Ikkje presten heller. Men trua er ei gáve. Vi kan bare tru på Jesus Kristus dersom den Heilage Ande gjev oss trua. Men å koma til tru på Jesus vert likevel ofte opplevd som noko som appellerer til kjenslene våre. Og det er klokt å innsjå at det er ei personleg avgjersle med konsekvensar.

Det finst høve i alle menneskelege relasjonar då vi treng å ta ei avgjersle sjølv om vi kan vera usikre og skeptiske før valet er gjort. Det er det same overfor Gud. Og Han kallar oss til å venda oss til Han, og stola på at Han vil oss vél.

Ver difor ikkje redd for å ta eit steg i tru! Du kan gjera dette på fleire måtar. Du kan snakka med ein kristen ven om å tru på Jesus, og spørje kva trua tyder for han eller henne. Du kan lese i Bibelen, eller finna ei kristen bok eller nettside som kan hjelpe deg. Du kan snakka med ein prest, eller ein kristen leiar og samtala med han.

## Eit kall til å be

Den enklaste og viktigaste måten å ta eit steg i tru er å be. Vær ikkje redd for å opna hjartet til Gud i bøn, sjølv om du kan vera både nervøs eller usikker. Han svarar alltid, sjølv om det kan skje på stille og uventa vis. Sei til Han, høgt om det kan vera til hjelp, ei enkel setning som Bartimeus-bøna «Jesus, miskunna deg over meg!» eller kortversjonen: «Herre, hjelp meg». (Luk.18,38-39)

Du kan også seja: «Jesus, eg trur på deg». Eller ganske enkelt: «Herre, eg ønskjer å tru, hjelp min mangel på tru». Hvis det kan vera til hjelp, kan du be med orda frå Herrens bøn, *Fadervår*,

som Jesus gav oss. (**Matt.6,9-13**) Eller, dersom alt dette er for mykje, kan du berre sitte i stille, med ønske i hjarta at Gud vil veggelia deg og vere med deg.

Å be på desse måtene er som å opna ei dør. Det tillét Gud å arbeida i livet ditt og openberra seg meir og meir. Det å koma til tru er ikkje eit irrasjonelt hopp i mørkret, men eit svar på Guds kjærleik. Og ver viss på dette: I djupet av hjarta ditt, kallar Han på deg, sjølv om du kanskje er usikker på korleis du skal skjøna kallet Hans. Det som betyr noko er at vi gjer noko med saka. Det var Jesus som sa: «*Bed, så skal de få. Leita, så skal de finna. Banka på, så skal det verta opplate for dykk. For kvar den som bed, han får; og den som leitar, han finn; og den som bankar på, for han vert det opplate.*» (Matt.7,7-8)

## Eit kall til kyrkja

Til slutt, når du kjem nærmare Kristus i tru, vil du ønskja å vera med i Kyrkja, i forsamlinga av dei som trur på Han. Kanskje du kan våga deg til kyrkja neste gongen det er gudsteneste? Eller ta del i ei bibelgruppe. Kyrkja er samfunnet som Jesus sjølv la grunnen til, slik at dei som følgjer Han alltid skulle alltid ha ein åndelig heim å bu i, ein heilag familie å høyre til i. For å nå Himmelten, frelst og fri!

Den kjende kyrkjefaren St .Augustin ba slik: «*Gud, du har skapt oss til deg, og vårt hjarta er uroleg til det finn kvile i deg!*»

[sokneprest@kyrkja.net](mailto:sokneprest@kyrkja.net)

**Frist for stoff til nr 2/12 er 14.mars**



ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Ansvarleg redaktør: Olav Martin Vik

I redaksjonen: Odd N. Thormodsæter,  
Hogne Berland og Anders Vik  
Min. kr 125,- innan  
kommunen

Kontingent: Min. kr 175,- utanom  
kommunen

Takkeannonsar: kr 100,-  
Kontonr. 3628.07.02557

Trykk: Bodoni  
Distribusjon i Øyg. Hurtiglevering, tlf 9866 5329

## Kyrkjekontoret:

Besøksadresse:	Rong senter, 2. etasje
Postadresse:	Boks 144, 5331 Rong
Telefon:	5638 2240
Faks:	5638 2241
Vakttelefon prest:	5638 2244
E-post:	<a href="mailto:kontor@kyrkja.net">kontor@kyrkja.net</a>
Heimesider:	<a href="http://www.kyrkja.net">www.kyrkja.net</a>
Ekspedisjonstid:	måndag – fredag: 0900 – 1500

## Tilsette:

Kontorleiar:	Kari Sandøy Rong
E-post:	<a href="mailto:kontor@kyrkja.net">kontor@kyrkja.net</a>

## Barne- og ungdomskonsulent:

Hogne Berland	
E-post:	<a href="mailto:pedagog@kyrkja.net">pedagog@kyrkja.net</a>
Telefon:	9868 3424

Kantor:	Anne Lise Grøm
E-post:	<a href="mailto:kantor@kyrkja.net">kantor@kyrkja.net</a>
Tlf.	5638 2245/9188 1208

Sokneprest:	Svenn Martinsen
E-post:	<a href="mailto:sokneprest@kyrkja.net">sokneprest@kyrkja.net</a>
Tlf.	5638 2244/9506 7890

## Diakonimedarbeidar:

Bjørg Blom	
E-post:	<a href="mailto:diakon@kyrkja.net">diakon@kyrkja.net</a>
Tlf.	4781 6181

Kyrkjeverje:	Olav Martin Vik
E-post:	<a href="mailto:kyrkjeverje@kyrkja.net">kyrkjeverje@kyrkja.net</a>
Tlf.	5638 2243/9326 4400

**Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Blomvåg:**  
Kåre Kristoffersen, 911 05 197

**Kyrkjetenar/kyrkjeg.arb. Hjelme:**  
Janesh Amenza 958 23 472

Blomvåg kyrkje:	5638 7022
Hjelme kyrkje:	5638 8030

Råda:	
Øygarden sokneråd og	
Øygarden kyrkjelege fellesråd:	Leiar: Erling Vik

Beredskapsordning for Vesthordland prosti  
Tlf. 954 83 655

Denne ordninga gjeld berre for tenester som ikkje kan venta, slik som dødsbod og støtte i kritiske situasjoner.

Beredskapsordninga gjeld på kvardagar frå kl 1700 til kl 0800 neste dag. Laurdag og søndag gjeld ordninga heile døgeret. Vakttelefonen for Øygarden på dagtid er som for 5638 2244.

# MIN SALME

av Ingebjørg Martinussen

”

Gud, vekk opp mitt indre,  
så jeg kan lære å tenke som deg.

Gud, åpne opp mine øyne,  
så jeg kan se hvem som trenger deg  
gjennom meg.

Jeg vil gå, dit du går,  
hvor enn du kaller, Hjelp meg å følge.

Jeg vil se, de du ser

Hvert knuste hjerteslag

I Styrke og svakhet, min tilflukt er i deg.

Jeg vil gå, dit du går,

hvor enn du kaller Hjelp meg å følge.

Jeg vil se, de du ser

Hvert knuste hjerteslag,

kan finne håp i deg.

«Hjerteslag» skrive av Radiate

Finn songen på Spotify ☺

Gud, løs fri mine hender,

Så de kan gjøre det de var skapt til.

Gud, vis meg din vilje,

for dit du går, er også der jeg vil,

284

Salma som eg har valt å skrive om i Min salme, er verken henta frå den blå songboka, skrive i førre århundre, eller sungen i kyrkjer og bedehus. Det er likevel ein salme, **min** salme. Songen «Hjerteslag» er skriven av ei gruppe som kjem frå Bergen, og kallar seg Radiate. Eg hørde songen først gong på UL (Ungdomens Landsmøte, arr. NLM Ung og Imf-Ung, ul.no for meir info) i fjor. Me song denne songen på nesten kvart kveldsmøte, og det blei etter kvart veldig sterkt for meg. Då eg

forstod kva me song i denne songen, forstod kva Jesus har kalla alle menneske til. Gud har ein plan med alle sitt liv, og planen hans går ut på å få flest mogleg med på himmelvegen.

Teksta vart sterkt for meg fordi den fortel meg korleis Jesus behandla menneska han møtte på jorda. Jesus kom ikkje for lege dei friske, men dei sjuke. Han såg dei lågaste i samfunnet. Han kalla syndarar til å følgje seg. Syndarar som meg og som deg. Jesus kom til dei som ingen ville ta seg av, og Han har



kalla oss til å gjere det same. Me må sjå dei som har knuste hjerteslag, dei som ikkje har Jesus i hjarta sitt.

Namnet på songen fortel oss kva som heldt oss i live. Hjertesлага våre er eit teikn på liv. Eit hjarte som er fylt av Jesus er eit hjarte som er fylt av liv. Det er eit hjarte som har gode hjarteslag. Dei som har knuste hjarteslag, har ikkje liv i hjarta sitt, og dermed ikkje Jesus i hjarte. Jesus ønskjer for alle menneske å flytte inn i hjarto våre og fylle det med liv.

Eg ønskjer at denne salmen skal vera bønna for mitt liv i år 2012. Det er ei bøn som eg ikkje klarar å be av heile mitt hjarte... Eg treng hjelp av Jesus. Men eg ønskjer at eg ein dag skal kunne meine heile bøna med eit heilt hjarte der hjarteslagene er gode og friske. Eg vil at denne bøna skal forme mitt liv. Eg vil at denne bøna skal få radikale konsekvensar for mitt liv. Eg ønsker at du skal be denne bøna og at det vil skape konsekvensar i ditt liv. Til deg som framleis har knuste hjerteslag; Jesus elskar DEG og han ønskjer å sjå deg i himmelen (Joh 3,16). Kanskje kjennar du at Gud kallar deg til å følgje han? Eller kanskje Gud kallar deg til å reise til ein anna verdsdel og fortelje om han? Kanskje Gud kallar deg til å fortelje vennane dine at du er Kristen? Eg vil utfordre du som les dette, til å ha Min salme som di bøn for året 2012, og sjå kva som skjer. Det vil få konsekvensar.

## Tar du utfordinga?

Til neste Øynytt utfordrar eg Daniel Torsvik, frå Torsvik, til å Skrive «Min Salme».



## Gamalt biletet frå Øygarden. Ungdom på Dåvøy tidleg i 1950-åra.



Bak med gitar: Magnus Dåvøy, Norvald Bekkenes, Magnhild Dåvøy, Astrid Dåvøy

### Vårprogram for Vik bedehus

10. feb kl. 19:00 Kvinnfest- Vik Gedeo. Olaug T. Hundvin  
11. feb kl. 16:00 Generalforsamling Vik bedehus  
12. feb kl. 11:00 Storsamling m/ søndagsskule. Truls Nygård DISM  
21. feb kl. 19:30 Bibeltime v/ Leiv Nesheim. Kveldsmat  
26. feb kl. 11:00 Familiesamling. Bergen sønd.skulekrets Utd av bibel til 5 áringar. Kaffi  
6. mars kl. 19:30 Bibeltime Israelsmisjonen  
11. mars kl. 11:00 Storsamling m/ søndagsskule. Åpne dører  
20. mars kl. 19:30 Bibeltime v/ Arne Tolo. NLM. Kveldsmat  
25. mars kl. 11:00 Storsamling m/ søndagsskule. NMS  
5. april kl. 10:00 Påskefrukost. Jorunn og Osvald Hindenes, NLM  
8. april kl. 11:00 Storsamling m/ søndagsskule. Christian Skoge NHIM. Kaffi  
17. april kl. 19:30 Bibeltime . NLM. Kveldsmat  
22. april kl. 11:00 Storsamling m/ søndagsskule. NLM  
28. april Kretsårsmøte Israelsmisjonen – eige program  
29. april kl. 11:00 Storsamling m/ søndagsskule. Rolf Gunnar Heitmann, Israelsmisjonen  
1. mai kl. 19.30 Bibeltime Eivind Sætre, NLM  
6. mai kl. 11:00 Storsamling m/ søndagsskule. Bergen søndagsskulekrins. Kaffi  
15. mai kl. 19:30 Bibeltime. Audun Hjelvik. NHIM  
20. mai kl. 11:00 Gudsteneste m/ søndagsskule. Svenn Martinsen  
29. mai kl. 19:30 Bibeltime v/ Christian Skoge NHIM  
3. juni kl. 11:00 Storsamling m/ søndagsskule. Andreas Evensen. NHIM  
12. juni kl. 19:30 Bibeltime Arne Tolo NLM  
17. juni kl. 11:00 Familiesamling Rollaug Waaler. NLM. Grilling og kaffi

Ivar Dale vart 86 år. Ved gravferda ynskte familien at det vart gitt ei gáve til Blomvåg kyrkje. Det kom inn kr. 6.418,50.

Ivar var først og fremst kjent for kval og politikk. Kvelfangst var i mange år hans virke og mange har nytt godt både av kvalkjøt og historiar frå livet på havet. Ivar sat i kommunestyret i Øygarden for Blomvåglista og engasjerte seg seinare i TVØ sitt politiske arbeid. Han var samfunnsengasjert og var direkte og tydeleg når han snakka om saker som engasjerte han.

Kyrkja i Øygarden takkar så mykje for minnegáva. Gáva skal nyttast til eit synleg føremål.



Olav Martin Vik  
Kyrkjeverje

### «Radiopresten» vert sendt i Region Vest, Bergen og Nordhordland:

#### Programmet kan takast imot frå Gulen til Stord!

Programmet «Radiopresten» ved Sokneprest «SvennM» vert sendt på Kystradioen Sotra, Kystradioen Bergen og Radio Osterøy/PR.

#### Tid for sendingane og frekvensar:

(Dei beste frekvensane her vest er i blå farge)

Søndag 1330-1400: Kystradioen Sotra FM 100.9/104.5/105.5

Torsdag 1830-1900: Kystradioen Bergen FM 88.6/100.3/103.3/107.5

Torsdag 1830-1900: Radio Osterøy FM 100.0/103.6/104.8/106.0/106.9

Dersom du likar programmet er vi takksame for di gáve til radioarbeidet!  
Bruk giro: 3628.53.35781 Sparebanken Vest.

Meir informasjon: <http://www.stellamaris.no/radiopresten.html>  
Óg via knapp på toppsida <http://www.northernstar.no>

### Frå pensjonistlaget sin julefest



Sokneprest Svenn Martinsen er her «gjestearist» i «Torsvik Trio» og syng «Da ska' bli andre boller når papen kjem heim» på Pensjonistlaget sin Julefest på Tjeldsto 8.desember!

-din el-kontakt

**VESTGAR<sup>E</sup> ELEKTRO**

Postboks 30, 5331 Rong

T: 56 38 94 73

E-post: post@vestgarelektr.no

[www.vestgarelektr.no](http://www.vestgarelektr.no)

### Bibeltimar på Nautnes bedehus

- Torsdag 16. feb v/ Egil Morland  
Torsdag 29. mars v/ Karl Johan Hallaråker Tema: Eg trur på Den Heilage Ande  
Torsdag 26. april v/ Leiv Nesheim  
Torsdag 24. mai v/ Audun Hjellvik

# BURSDAGSGÅVE OG BASAR TIL GLEDE OG OPPMUNTRING I ETIOPIA



Jentene saman med prosjektleiinga

Vik Gedeo prosjektet ynskjer å gi jenter frå Gedeo-folket i Etiopia høve til høgare utdanning. Difor byggjer prosjektet jenteinternat i byen Dilla i Sør-Etiopia i samarbeid med Gedeo Development Association (offentleg organisasjon for utvikling av Gedeo-området).

Av Olav Martin Vik

## Gedeo-folket

Gedeo-folket er ei av over 80 folkegrupper i Etiopia. Dei bur i kommunen Gedeo i Sør-Etiopia. Dilla er den største byen i kommunen, og er administrativt senter. Kaffidyrking er den viktigaste inntektskjelda for Gedeo-folket. Over 85 prosent av folka i Gedeo bur på landsbygda. Det er hovudsak ei kristen befolkning. Analfabetisme er eit stort problem blant Gedeo-folket, og særleg blant kvinner. Svært få jenter frå landsbygda får fullføre barneskule/grunnskule og ta høgare utdanning. Dei må arbeida og vert gjerne gifta bort i ung alder.

## Kvifor byggja skuleinternat for jenter?

Svært mange av jentene frå landsbygda i Gedeo-området som får høve til å gå på skule, går berre barneskule, fordi høgare utdanning berre tilbys i byar langt frå heimpllassen. Dei som fortsetter skulegangen i byen kan møte mange utfordringar på veg til skulen og heim

att. Skulevegen er ofte svært lang. Jenter som kjem frå landsbygda til byen for å ta vidare utdanning har i de fleste tilfelle ikkje råd til å betale husleige, og må leva eit utsrygt tilvære i byen. Jentene frå landsbygda har behov for ein god og trygg stad å bu mens dei tek utdanning.

## Kven står bak prosjektet

Gerd Lillian Vik og Oddbjørg Innvær Vik fylte 50 år i 2008 og ville at gaver skulle gå til eit meiningsfylt prosjekt. Det enda opp med prosjektet som er omtalt ovanfor. No har dei fyrste 24 jentene flytta inn, etter at byggearbeidet starta i 2010. Det var enorm glede over bygget. Det er ikkje norsk standard. Det bur 8 jenter på kvart rom som er enkelt innreiia, men høgt i høve Etiopisk standard. Den første blokka er altså ferdig. No vert det ferdigstilt kjøkken og toalett. Så skal det byggjast ei blokk til som gir plass til nye 24 jenter. Målet er at når prosjektet står ferdig skal det vera plass til 96 jenter.



Den første blokka er klar



Frå eitt av romma

## Private gaver og basar

Private gaver frå enkeltmenneske, ei mannsgruppe på Vik, Yngres på Vik, utloddning på litteraturkvelden og ei kvinnegruppe som har hatt basar på bedehuset, har gjort prosjektet mogeleg. Alle pengane går uavkorta direkte til prosjektet og det er nøyne kontroll med byggearbeid og økonomi. Etiopiarane har fått gjort mykje for pengane.

## Besøk i januar 2012

Under eit besøk til Addis Abeba i Etiopia reiste underskrivne til Dilla for å delta på ei enkel markering i høve ferdigstilling av den første blokka. Det var stor glede hos jentene som skal bu i bygget og hos den lokale prosjektleiinga. Etiopiarane vil gjerne markere kven som står bak prosjektet og bygga vil difor få namn etter dei to damene som har gått i bresjen for prosjektet. Slik er det i Afrika!

Du kan lesa meir om prosjektet på:  
<http://vikgedeoprosjekt.blogspot.com>



Området er skilta!

# LEIRAR PÅ SKJERGARDSHEIMEN

## 6.-7. klasseleir

2.-4. Desember var det duka for ny leir i Skjergardsheimen, denne gongen for 6.- og 7. klassingane i Øygarden.

Tekst: Sarah Guntveit, Bilder: Therese Dale

Det var ein livlig gjeng som innkvarte fredags ettermiddag, og mange var svært spente på kva dei skulle få oppleve dei neste timane og dagane. Lørdag var alle



deltakarane veldig klar for ein ny dag, og det var ikkje ein gjeng som var vanskeleg å få opp om morgonen. «Craaaazy games» blei ein stor «hit» på leiren, der deltakarane skulle samla poeng ved å gjere forskjellige oppgåver; alt i frå å syngje liggande, til å ete nugatti ut av ei bleie. Det såg ut til at alle storkoste seg, og engasjementet stod i taket! Vi hadde diverse aktivitetar, samt «kino» og tidenes underhaldningskveld- for å nevne noko. Temaet for leiren var «Bli



kjent med Jesus», Det fekk vi store moglegheiter til gjennom gode andaktar og spennande bibeltimar. Leiren var så populær denne gongen at vi tok inn heile 55 deltakrar og 11 ledarar, noko som gjekk over all forventning med så greie deltakarar og gode ledarar! Tusen takk for ein super leir!

## Ungdomsskuleleir

Det var ungdommane i Øygarden som fekk gleden av å delta på kyrkja sin første leir på Skjergardsheimen i det nye året. 20.-22. januar var 47 ungdommar klar for ungdomsskuleleir!

Tekst: Sarah Guntveit, Bilder: Therese Dale

Temaet for leiren var «Radikal», og gjennom andakter og bibeltimar har vi lært mykje om å vere kristen i kvarden og kva det inneber. Konkurransar, bønnetur, deleveld og forskjellige aktivitetar var berre noko av det vi hadde på programmet for helga. Det var ein livlig gjeng og ein god blanding frå både 8.-, 9.- og 10.-klasse, og det var veldig kjekt. Takk for ei flott helg, med god stemning og mykje latter!

Håper vi sjåast snart igjen!



## Går du i 5. klasse?

Då er det ikkje lenge til det er leir for deg på Skjergardsheimen! 17.-19. februar vert det leir med tema «Bibelen». Påmelding til kyrjekontoret på telefon 56382240 eller kontor@kyrkja.net!

## Leirdag

Trudde du at 1. og 2. klassingar var for små til å reisa på leir? Då må du tru om igjen, for dei har nemlig sin heilt eigen leirdag ein gong i året!

Tekst: Sarah Guntveit, Bilder: Therese Dale

Ein herleg gjeng. Ein fantastisk leirplass. Jesus tilstades.



1.- og 2. klasse var klar for leirdag 29. Januar, og det var 20 herlege born som inntok Skjergardsheimen denne søndag formiddag. Vi hadde mykje på programmet, alt i frå bibeltimar til sporløp - og borna var alltid i godt humør og hadde meir engasjement enn vi voksne kan drømme om! Målet for leiren var at borna skulle få bli meir kjent med hovudpersonen i bibelen;



Jesus! Gjennom bibelsamling og bornas eigne dramatiseringar har vi fått høre 2 viktige ting som vi alle må ta med videre:

1. Jesus ynskjer å vere vår venn
2. Jesus vil alltid hjelpe oss, når vi ber han om det.

Vi som ledarar har storkost oss med ein fantastisk gjeng!

# PYNTA OPP KYRKJA TIL SKULEGUDSTJENESTENE

I år var tema og temasong for skulegudstenestene «Jesus er kongen min». Rong skule tok utgangspunkt i songen og laga flotte plakatar til å pynte kyrkja med til gudstenesta.

Tekst og bilder: Hogne Berland

I ei av linjene i songen står det «Barn i fra alle land til Jesus komme kan». Dette hadde 6. klasse lagt merke til og dei hadde laga ein plakat med mange forskjellige flagg. Og desse flagga var ikkje tilfeldig vald, for det var faktisk eit flagg for kvar nasjonalitet som er representert på skulen. Ei rask flaggstelling fortel oss at Rong skule har ansatte og elevar frå 16 forskjellige nasjonar! 1. klasse hadde laga ein flott plakat der

alle hadde tegna kvar si krone som skulle symbolisere Jesus som konge.



## Juleavslutning for Ichty's og KRIK

Ichty's og KRIK si juleavslutning er for lenge sidan vorte ein populær tradisjon. Som i fjar var det på bedehuset på Vik det skjedde og over 60 ungdommar var samla lørdag 17. desember.

Tekst: Hogne Berland, Bilder: Solveig Grepperud

Då klokka nærma seg 20, begynte meget pent antrukne ungdommar å strøyme til bedehuset. Etter at dei fleste takka høflig nei til tilbud om gløgg i gangen, fant folket seg ein plass i det julepynta lokalet. På menyen stod pinnekjøtt tilberedt etter alle kunstens regler og iskaker til dessert. Stemninga var upåklagelig og dei oppmøtte denne kvelden fekk med seg mykje underholdning inni mellom etinga. Julesongar vart det også tid til, leia av eit glimrandre band. I andakten fekk vi høre at vi må sjå livet vårt og handlingane våre i Guds «speil» og ikkje i andre menneske sitt «speil». Først då ser vi at vi er utilstrekkelig og treng Jesus. For det er det jula handlar om, om Gud som kom ned til oss for å gjere det vi ikkje kan gjere sjølv.

Ichty's er no starta opp på

vårsesongen og vi anbefaler dette for alle som går i 8. klasse og oppover. Her får du med deg andakt, lovesong, leikar og underholdning, kafé og eit trygt og

godt kristent fellesskap. Annankvar lørdag (partalsveker) kl. 20.30 på Vik bedehus!



## Mange frå Øygarden på Nyttårsleir i Sætervika

Nyttårsleir i Sætervika er ein lang tradisjon. Ungdommar frå mange stader i Hordaland pleier å samlast her og feire Jesus og inngangen til det nye året i lag. Ofte har det vore ein gjeng frå Øygarden på denne leiren. I år var det imidlertid litt meir enn berre ein gjeng. Av 62 deltararar var heile 37 av dei frå Øygarden!

# INFORMASJON FRÅ KYRKJEVERJA

Kyrkja i Øygarden sine informasjonskanalar

ØyNytt er og vert ein viktig informasjonskanal for Kyrkja i Øygarden. ØyNytt kjem med 6 nummer i 2012.

## Nettsida til Kyrkja i Øygarden

På nettsida til Kyrkja i Øygarden finn du no oppdatert informasjon om verksemda til kyrkja og informasjon du treng som t.d. ved vigsel, dåp og gravferd. Du finn også informasjon om arbeidet vårt generelt, leiarar for born og unge og eldretreff. (Sjå faksimile til høgre)

Nettsida vert jamleg oppdatert. Bruk nettsida om du vil ha oppdatert informasjon om vårt arbeid eller du treng å koma i kontakt med oss.

Du finn nettsida vår på [www.kyrkja.net](http://www.kyrkja.net)

Den Norske Kyrkja  
i Øygarden

AKTUELT - NYHENDER

5. klasseleir på Skjergardsheimen 17.-19. februar

Påmelding til kyrkjekontoret telefon 61327340 eller e-post: [konygden@kyrkja.no](mailto:konygden@kyrkja.no) innan 10. februar.

Konfirmantane sin innsamlingsaksjon "SKRIK" i november 2011.

"SKRIK" er et samarbeid mellom Størmedelsitasen og KPK. Konfirmantane i Øygarden samla inn kr. 31,000,-. Pengene går til arbeid mellom ungdom m.a. i Kenya, Tanzania, Uganda og Rwanda. Takk til alle som gav til akjernet.

GUDSTENESTER:

09. februar kl. 11:30 i Bommag kyrkje i Svenn Martinsen, Nærbø

12. februar kl. 11:00 i Hjelmo kyrkje, Heggenes i Egil Holttand

## Facebook

Dersom Soknerådet godkjenner det, vert Kyrkja i Øygarden også å finna på Facebook med aktuell informasjon, særleg retta mot

ungdom, men også voksne som i auka grad brukar Facebook. Den profilen som no ligg ute på Facebook om Kyrkja i Øygarden er ikkje offisiell og er ikkje godkjent av oss.

## Kort nytt frå KPK (Kristeleg pressekontor)

### Norsk Søndagsskoleforbund har skifta namn

Norsk Søndagsskoleforbund skifta 1. januar namn til Søndagsskolen Norge. Namneendringa vart vedteken på ei ekstraordinær generalforsamling i juni i fjor. I ei pressemelding frå Søndagsskolen Norge heiter det at namneendringa ikkje inneber noka endring i organisasjonsform. Søndagsskolen Norge vil framleis vere eit forbund av lokale søndagsskolar og krinsar. Søndagsskolen Norge har i dag 7500 frivillige leiarar som er med på å verkeleggjere visjonen «Jesus til barna» i nesten 1400 søndagsskolar landet over. KPK

### Norsk Misjon i Øst har teke i bruk sitt nye namn

Frå årsskiftet endra Norsk Misjon i Øst namn til Stefanusalliansen. Stefanusalliansen sitt engelske namn blir Stefanus Alliance International. Organisasjonens blad, Ropet fra Øst, skiftar namn til Magasinet Stefanus.

Generalsekretær i Stefanusalliansen, Bjørn A. Wegge, seier at organisasjonen har fått eit slitesterkt og tidlaust namn, som knyter organisasjonen sitt arbeid direkte til den bibelske Stefanus, den kristne kyrkjas første kjente martyr.

### ImF innfører politiattest

Forbundsstyret i Indremisjonsforbundet har bestemt at det skal innførast ordninga for innhenting av politiattest for tilsette og frivillige som er engasjert innanfor barne- og ungdomsarbeid.

Personalleiar i ImF, Aud Karin Kjølvik, seier at dette er ein del av det førebyggjande arbeidet. Ho har leia arbeidet med å innføre politiat-

testar som ein del av kvalitetssikringa i organisasjonen. Dagleg leiar i ImF-UNG, Kenneth Foss, påpeiker overfor Sambåndet at ein politiattest ikkje er nokon endeleg garanti mot overgrep, men at organisasjonen er ille ute der som dei ikkje tek dei førehandsreglar som kan takast.

NLM har tidlegare innført den same ordninga.



Vil du bli frivillig medarbeidar på Kirkens SOS kriseteneste?

Innføringskurs for nye medarbeidarar på telefon eller SOSchat tek til i mars!

Vi treng menneske som vil prate med medmenneske som har det vanskeleg. Oppgåva di er å lytte og tenkje høgt saman med den som tek kontakt. Du skal ikkje gje råd eller løyse den andre sine problem.

Du får innføringskurs, rettleiing og vidare fagleg oppfølging så lenge du er med i tenesta. Vanleg vaktturnus er ca. kvar 12. dag, tilpassa din kvardag. Kirkens SOS er ein døgnopen krisetelefon, tilgjengeleg via telefon, SOSmelding og SOSchat. Du må vere mellom 20 og 80 år, og du må ha avstand til eigne kriser.

Kursstart 5. mars.

Kontakt oss på 55 32 58 45 / 941 83 654, [bjorgvin@kirkens-sos.no](mailto:bjorgvin@kirkens-sos.no) eller [www.kirkens-sos.no/bjorgvin](http://www.kirkens-sos.no/bjorgvin)

# Kjøp kjapt, trygt og billig

## KIWI mini pris

Søre Sæle

Tlf. 56 38 71 20

Mand – fred kl.08.00 - 22:00

Lørdagar 08:00 – 20:00

**Det er vi  
som bygger Øygarden**



Tlf. 56 38 28 00 - Fax 56 38 28 09

Adr. Pålsneset, 5337 Rong

[www.th-bygg.no](http://www.th-bygg.no)

## Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca. 100 personar.  
Arrangerer bryllaup,  
konfirmasjonar og andre  
tilstellingar.

Kan levera mat til alle  
anledningar.  
Middag, koldtbord og snittar.

Tlf. 56 38 93 80



Åsane Begravelsesbyrå AS  
v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES

Døgnvakt tlf.: 5518 9000

## Indrøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer

Rullestol

**Mobil: 90 59 90 59**

*Her er plass til  
annonsering!*

## Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgrt. 11, 5007 Bergen

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

E-post: [post@solstrands.no](mailto:post@solstrands.no)

Vår erfaring - din trygghet

## Gravminner

Leveres ferdig montert med garanti.

Be om katalog og pris.

Skrifthugging og oppussing utføres.



Bjørn Solheimslid

5336 TJELDSTØ

Tlf. 5638 9534 / 4004 1045



Tlf.: 56 38 24 40 - Fax: 56 38 24 41

Mobil: 928 41 790

E-mail: [post@oygarden-elektriske.no](mailto:post@oygarden-elektriske.no)

Sotra Omegn  
BEGRAVELSESBYÅR

- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

**Tlf 56 32 08 90 hele døgnet**

Skjenet 4, 5353 Straume ( samme hus som Ligningskontoret )





# Sparebanken Vest

– satsar på Vestlandet

- Ei rein og skjær handleglede ved havgapet!

**EUROSPAR**

Fisk - og ferskvarespesialisten  
Innholdsrik betjent ostedisk  
Velsmakende varm mat

Fristend frukt og grønt  
Nydelig brygsteke bakervarer  
Herlig salat - og fruktbar

Måndag - fredag 8-22, Laurdag 9-20

TOTO Bank i Butikk

**EUROSPAR Rong** tlf. 56 38 71 40

**Velkommen til oss**

**Catering:**

- Snitter
- Koldtbord
- Varm Mat
- Baguetter
- Kolttallerken
- Kaker

**Rong Kafe a/s**

Tlf.: 56 38 74 54

**Ønsker du sol hjem?**

Vi kan tilby 12 rørs solhimler eller solseng med høy kvalitet.  
Du ringer - vi bringer!  
Vi forhandler også solariumskrem og -briller

**B-P-S Solutleige**  
v/Arvid Røng 5337 Røng  
tlf.: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22

Mobil: 918 56 258

Vi formidlar blomster til innland og utland

**INTERFLORA**

**Blomsterbua**  
Rong Senter  
Telefon: 56 38 92 65  
Postboks 107, 5331 Røng

**trند Frisør**  
RONG SENTER

Eigne prisar for pensjonistar  
Langope torsdag  
TIMEBESTILLING 56 38 73 90

## Vest Modul AS 5336 Tjeldstø

- Tilbygg
- Nybygg
- Rehabilitering
- Montering og uteleie av brakker



Normann 958 19 905  
Ingvard 958 10 967

Trelastlager Tjeldstø



Installasjon industri, bolig  
Data- og telenett  
Alarmanlegg  
Antenne/parabolantenn  
Elektroverksted  
Elektrisk forretning

**Torsvik**  
ELEKTRO

Tlf. 56 38 50 00  
Vakttelefon: 922 34 062

[www.torsteinsvik.no](http://www.torsteinsvik.no)

Øygarden hud &  
kroppspiele skifter  
navn til

**LT hudpleie**

Og har flyttet til  
Ågotnes helsehus.  
Følg oss på facebook.  
Velkommen til nye lokaler!  
Tlf 5638 9515



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiaftale
- Gass



**BLOM**  
**SERVICESENTER AS**

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80



**Godkjent bilverksted**

Bokhandelen som setter kristen  
litteratur og musikk i fokus



Bok & Media\* Vestbok  
Vetrliidsallmenningen 1 5014 Bergen  
Tlf: 55 31 79 63  
[www.vestbok.no](http://www.vestbok.no)

## TIL LUKKE!



**70 år**

- 17. feb Randi Inga Lien, Sandrásvegen
- 11.mars Astrid Oddbjørg Rong, Svartevikvegen
- 11. mars Jan Ragnvald Jakobsen, Knappebrekka
- 26. mars Egil Johan Skramestø, Råkebakken
- 30. mars Martha Hansine Torsvik, Solbakkevegen

**75 år**

- 28. feb Frøydis Landsvik, Tollbuvegen
- 4. mars Karstein Gustav Rossnes, Svartemyrvegen
- 10. mars Ingeborg Einevoll, Pålsneset
- 18. mars Nils Bertin Rong, Moldbrekkene

**80 år**

- 24. mars Marius Kåre Sanden, Vardnesvegen

**85 år**

- 23. mars Ranveig Oen, Særberget
- 27. mars Kristina Karine Dale, Vassvegen

**90 år**

- 24. feb Gudrun Halland, Arsettunet
- 24. feb Malena Karolina Torsvik, Vågevegen
- 17. mars Borghild Dåvøy, Tjødnarvegen
- 19. mars Magnus Bertin Solhaug, Kyrkevarden

## DØYPTE

### Blomvåg

- Victoria Stene Stoen, Rossnesvegen (Fjell krk)
- Jonathan Fatland Njøten, Torsvik (Johannes krk)
- Ingrid Elise Rong, Straumsdalen

## DØDE

### Blomvåg

- Betsy Torsvik, Torsvikvegen f. 1918
- Ivar Gerhard Dale, Dale, f. 1925
- Marie Torsvik, Straume, f. 1920
- Hjørdis Maria Skjønhaug, Tjødnarvegen, f. 1927
- Erling Andreas Torsvik, Holevegen, f. 1938
- Tore Rong, Moldbrekkene, f. 1955
- Kåre Oddmund Naess, Bergen f. 1934

### Hjelme

- Malvin Augunn Sulen, Rossnesvegen f. 1932
- Einar Ove Fjeldstad, Nesi f. 1950
- Leiv Kåre Nordøy, Bergen f. 1946



## BESØK I HEIMEN?

Ønskjer du å få besøk av prest eller diakonimedarbeidar i heimen? Ta gjerne kontakt med kyrkjecontoret, så skal vi vidareformidla ønsket ditt!

Telefon: 5638 2240.  
E-post: kontor@kyrkja.net



## GUDSTENESTER

### 12.feb Hjelme kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ K.J.Hallåraker. Dåp. Nattverd

### 19.feb Blomvåg kyrkje kl. 12:00!!

Familiegudsteneste v/ S. Martinsen. Barnekantoriet og Øygardskoret framfører «Barn i Guds tid». Dåp. Utdeling til 4-åringar

### 26.feb Hjelme kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ S. Martinsen. Nattverd

### 04.mars Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ Egil Hjortland. Dåp. Nattverd

### 11.mars Hjelme kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ S. Martinsen. Dåp. Nattverd

### 18.mars Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Familiegudsteneste v/ S. Martinsen. Avslutning for Dåpsskulen. Dåp

### 25.mars Hjelme kyrkje kl. 11:00

Familiegudsteneste v/ E. Hjortland. Utdeling til 4 & 5 åringer. Song av Barnekantoriet

### 1.april Blomvåg kyrkje kl. 11:00

Høgmesse v/ S. Martinsen. Dåp. Nattverd

## INNOMNE OFFER

### Blomvåg

20.nov	Norsk Lutherisk Misjonssamband (NLM)	kr. 3029,-
4. des	Kirkens nødhjelp	kr. 1733,-
18. des	Kor og korps som deltok	kr. 3221,-
24.des	NLM – Barnas Misjonsprosjekt	kr. 10561,-
25. des	Det Norske Misjonsselskap	kr. 2559,-

### Hjelme

13. nov	Norsk Misjon i Øst	kr. 3164,50
27. nov	Kyrkjelydsarbeidet	kr. 3894,-
11. des	Sjømannskirken	kr. 1993,-
18. des	Kor og korps som deltok	kr. 4243,50
24. des	NLM – Barnas misjonsprosjekt	kr. 8998,-
26. des	Fjellheim bibelskule, Tromsø	kr. 3240,-

## Bergen Og Omegn

BEGRAVELSEHJELP  
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger  
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge  
Polden



Espen  
Polden



Tom  
Wilson



Heine  
Polden

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700  
www.bergenogomegn.no

**AVD. BERGEN**  
Teatergt. 20  
5010 Bergen  
Tlf: 55 21 44 50

**AVD. SOTRA**  
2. etg på Shellstasjonen  
Sæter, 5353 Straume  
Tlf: 55 21 44 50

**BEGRAVELSESBYRÅEN**  
FORUM-SØNDRE




Returadresse:  
ØYNYTT  
Boks 144  
5331 RONG

B posten DISTRIBUERAST AV POSTEN NORGE Øy Nytt NOREG P.P. PORTO BETALT

## RONG BRASS - EIT KORPS MED AMBISJONAR!

I fleire år har folket i Øygarden lagt merke til at Rong Brass har hevda seg godt i konkurrans med andre korps. Dette er resultat av ei målbevisst satsing over fleire år frå leiing og ikkje minst frå primus motor Arvid Rong.

Av Odd N. Thormodsæter



Arvid Rong

Arvid begynte som leiar i 1991 i det som den gong heitte Rong musikkorps. For nokre år sidan skifta ein namn til Rong Brass.

*-Du spelar ikkje sjølv Arvid, men dotter di var aktiv då du gjekk inn i dette frivillige arbeidet.*

Som foreldre engasjerer vi oss ofte i det som barna våre tar del i. For meg har dette vorte eit engasjement som i desse åra har gitt meg glede, avkopling og gode opplevingar i den positive musikalske utviklinga av korpset, opplevingar eg ikkje ville vore forutan.

*-Kva er hovudarbeidet ditt i korpset?*  
Det er å vera administrator og leia eit godt fungerande teamarbeid. Vidare er det mykje arbeid med å få inn midlar. For å kunna driva korpset treng vi minst 400.000 på årsbasis. Dette får vi inn gjennom dugnad, økonomisk støtte frå kommunen og sponsorinntekter frå fleire firma i Øygarden. Instrumentparken må heile tida fornyast. Når ein veit at eit instrument kan kosta heilt opp mot

80.000, forstår ein at det trengst store summar for å halda dette gåande.

*-Kor kjem medlemmene frå?*

Mesteparten er rekruttert frå skulekorpsa i kommunen. Men det er også fleire utanbygds medlemmer som er med og skaper det gode musikalske miljøet. Totalt er det no 30 medlemmer i korpset.

Skal eit slikt korps fungera må det ein profesjonell dirigent/instruktør til. For tida er det Eirik Gjerde Vik som er musikalsk ansvarleg. Han er den einaste løna medarbeidaren.

*-Kva er det korpset øver mot no?*

**10. februar er det NM i Grieghallen i 2. divisjon.** Målsetjinga er å kunna etablera seg fast i denne divisjonen. Til dette arrangementet er folket i Øygarden velkommen!

Arvid vil gjerne peika på at korpset har hatt glede av å ha fleire førjuls-konsertar i Blomvåg kyrkje. I tillegg har mindre blåsegrupper vore med på



enkelte gudstenester. Dette engasjementet har mange sett stor pris på.

Skal korpset halda fram på eit så pass høgt nivå, er det ein føresetnad at det finst eit levande korpsmiljø som rekrutterer nye «blåsarar» til Rong Brass.

Korpset øver kvar tysdag i TEKNOLOGISENTERET på Toftøy, men siste veka før NM i Grieghallen vert det øving kvar dag!

**Kyrkjestaben ønskjer lukke til i NM og vonar det gode samarbeidet kan halda fram også i 2012!**

